

# LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 1

Januar 1975

11. årgang

## Løys skorne av føtene, for staden du står på er heilag jord

(Ap. gj. 7, 33)

Moses såg ein klungerbusk i øydemarka som brann, og gjekk innåt for å sjå kva det var. Då sa Herren til Moses: Løys skorne av føtene dine, for staden du står på er heilag jord.

Jorda på den staden Moses sto var vel ikkje onnorleis enn all annen jord i ei øydemark. Det som gjorde den heilag og skilde den ut fra alle andre stader, var vel at Herren var der og tala med Moses og openberra seg for han.

Dette fortel oss at *Herren er heilag*, og at staden der han møter oss og talar til oss og openberrar seg for oss er ein heilag stad som er utskild frå alle andre stader på jorda. Derfor sørmer det seg for oss å ha age og ærefrykt for Gud når me samlast for Guds åsyn for å høyra Guds tale til oss. Guds ord er heilagt, derfor står det på tittelbladet i vår Bibel: *Den heilage skrifta*.

Eg kan ennå hugsa at då eg som ung gut fylgte mor og far til kyrkja og bedehus for å høyra Guds ord, kom folk stille inn og sette seg stille ned. Dei sat andektige, teiande og ventande, og truleg noken bedande i si ånd. Kan ennå godt hugsa at det gjorde inntrykk på meg. Du vil kanskje innvenda at det var berre ein tilvand skikk. La gå med det, men i så fall var det ein god skikk, som ikkje er

å forakta. Men eg trur at det kom av noko meir. Dei hadde age og respekt for Gud og hans ord, og at denne vanen og skikken var ei frukt av det.

Her står me som lever i vår tid langt tilbake for våre foreldre og besteforeldre. Det tok eg til å vakna opp for ei tid tilbake, då eg såg at svenske kristne brødre kom inn i forsamlinga og sette seg stille ned, bøyde hovudet og sat bedande mens dei venta på at tida var inne. Ennå meir vakna eg opp for det, då ein svensk forkynnar sa at me måtte ikkje prata slik når me samlast i kyrkja eller andre forsamlinger for å høyra Guds ord.

Det er ikkje alltid behageleg å vakna opp, for då blir også augo og øyro opplatne så du ser og hører. Då vil du sjå og høyra at når me samlast for å høyra Guds ord i kyrkja, bedehus eller på stemner, er der mykje støy og uro, som kjem av at folk talar saman, nyttar ventetida til å helsa på kjende, eller kjem med unødvendige bemerkningar. Den stilla og ro me treng for å høyra Guds ord, er i mange høve borte, saman med agen og ærefrykta for Gud og hans ord.

Me kan spyrja kva årsaka kan vera til ei slik utvikling i den kristne forsamlinga. Ei av årsakene trur eg ligg i radioen, som i stor utstrekning blir brukt på verdsleg vis også når

Guds ord lyder. I vår travle tid har ikke folk tid til å setja seg ned i ro for å høyra Guds ord. Mens gudstenesta i radio og andakt lyder, driv mor på med husarbeid eller arbeider med middagen, far nyttar høve til å lesa avis, borna leikar eller går ut og inn, eller praten går om andre ting utan å ansa eller høyra ordet som lyder. På denne måten blir ein dagleg øvd i å høyra utan å håtta, og smått om senn omskaper det vår innstilling så me tek det med til kyrkja og bedehus. Og dei unge blir van med det, og får ei slik innstilling til Guds ord.

Om framande kjem inn i heimen, så er vel ingen av oss så uhøflike at me set oss til å prata innbyrdes utan å ansa dei besøkjande.

Men så uhøflike er mange når Gud kjem for å tala til oss. Sjølv om det er gjort i tankeløysa, så er det ikke unskyldande.

Her treng me å bli vekt opp, og venda om

frå tankeløysa og tilvande vonde vanar. Her treng me å hjelpe kvarandre, for det gamle ordet om at vonde vane er vond å venja talar sant. Dertil har me lettare for å sjå andre sine feil, så om du ser at eg eller andre har gløymt dette, då gjer du vel ved å minna om det på kyrkjebenken eller i forsamlinga eller kvar me enn samlast om Guds ord. Det skal ikke mange ord til. Aller best er det å ta kampen opp i heimen, og gjera det til ein vane å setja seg ned for å høyra når Guds ord lyder i radio.

Det står om farisearane at egenrettferdige som dei var, berre bles dei av det Jesus sa og lærde dei. Slik gjer vel ikke du? Jesus sa til sine at dei skulle tenkja over det han sa, og gjera etter det. Då var dei lik ein vitugmann som bygde huset sitt på fjell.

A. L.

## Hvor er din Gud?

Av Øyvind Andersen

«Til sangmesteren. En læresalme av Korahs barn. Som en hjort skriker efter rinnende bekker, så skriker min sjel etter deg, Gud! Min sjel tørster etter Gud, etter den levende Gud. Når skal jeg komme og trede frem for Guds åsyn? Mine tårer er min mat dag og natt, fordi man hele dagen sier til meg: *Hvor er din Gud?* Dette må jeg komme i hu og utøse min sjel i meg, hvorledes jeg drog frem i den tette hop, vandret med den til Guds hus med fryderop og lovsangs røst, en høytidsskare. Hvorfor er du nedbøyet, min sjel, og bruser i meg? Bi efter Gud! for jeg skal ennuprise ham for frelse fra hans åsyn. Min Gud! Min sjel er nedbøyet i meg. Derfor kommer jeg deg i hu fra Jordens land og Hermons høyder, fra det lille fjell. (landet østenfor Jordan). Vanndrypp kaller på vanndyp ved duren av dine fossefall.

Alle dine brenninger og dine bølger går over meg. Om dagen sender Herrrens sin miskunnehed, og om natten er hans sang hos meg, bønn til mitt livs Gud. Jeg må si til min Gud, min klippe: Hvorfor har du glemt meg? Hvorfor skal jeg gå i sørgeklær under fiendens trykk? Det er som mine ben blev knust, når mine fiender håner meg, idet de hele dagen sier til meg: *Hvor er din Gud?*

Hvorfor er du nedbøyet, min sjel, og hvorfor bruser du i meg? Bi efter din Gud! for jeg skal ennuprise ham, mitt åsyns frelse og min Gud». (Salme 42.)

Der kommer tider da det ser ut som om alt var slutt for den som tror på Jesus. Det ser vi i Salmenes bok. Her er en som blir hånet av sine fiender, og det på en ganske spesiell måte: Hvor er din Gud, spør de, ja, hvor er din Gud, hvordan har du det egent

**Bladet Lov og Evangelium**

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Bladet blir halde opp med friviljuge gåver  
Red. Amund Lid, tlf. 75, Norheimsund og post 5600 Norheimsund

Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, 5400 Stord. Postgiro: 42887, Stord Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tinging, oppseiling, adresseforandring og gårer til bladet.

*Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :*

Formann : Olav A. Dahl,  
boks 95, 5401 Stord. Tlf. (054)10 482

Kass. : Sverre Bøhn. Postgiro 68213  
Bankgiro : Vikøy Sparebank

3530.07.09492

5601 Norheimsund

legge oss på hjertet. En læresalme av Korahs barn, står det om denne. Som en hjort skriker etter rinnende bekker, da er hjorten i fare når den skriker etter rinnende bekker. Det er ikke en vanlig tørst det er tale om her i Guds ord, det er den tørst et menneske har i ørkenen når han vet med seg selv at hvis ikke innen så og så lang tid, maksimum innen tre dager, får vann å drikke så er han død. Et menneske kan faste lenge og la være å spise, men det lengste en kan la være å drikke det er tre døgn, da går det galt hvis det ikke kommer hjelp. Og slik er situasjonen åndeligt talt.

Her roper et menneske, åndelig talt : Min sjel tørster etter den levende Gud. Hvor er det vannet hen som slik en sjel trenger? Svarer er ganske enkelt her : Guds ord og løfter. Det er i ham som sier i dagens tekst på søndag : Om noen tørster, han komme til meg å drikke. Hvor er det levende vann hen? Det er Jesus selv. Han sier til den samartianske kvinne : Kjente du Guds gave, og visste du hvem det er som sier til deg gi meg å drikke, da hadde du bedt ham, og han hadde gitt deg levende vann. Og da taler Jesus om seg selv, det er ham som er Guds gave, det er ham som er det levende vann, det er ham som er redningen for dem som vet med seg selv at det kan ikke gå med meg slik som det er med meg er jeg et fortapt menneske. Kjære deg, Jesus er ditt håp, Jesus er din redning, Jesus er det levende vann, Jesus er svaret i Guds ord til deg.

Det er dette denne salmen egentlig tar sikte på å vise oss. Han utøser sin sjel, han kommer i hu hvorledes han vandrer til Guds hus med alle dem som ferdes der på de store høytider med høytidsskaren der de sang Guds lovsanger, og så kommer det som en gjenneklang i hans sjel : Hvorfor er du nedbøyet min sjel og bruser i meg? Jeg skal ennuprise Gud for frelse for hans åsyn. Han kommer i hu hva han har hørt, det var da sagt noe i Guds ord : Hvorfor er du nedbøyet min sjel,

lig, hvordan står det egentlig til med deg, skal den som frykter Gud ha det på den måten som du har det, tror du egentlig at du tilhører Gud, er ikke du egentlig forkastet av Gud når alt kommer til alt, har ikke Gud glemt deg, hvorfor skal du gå i sørgeklær, hvorfor skal dine fiender få lov til å løfte sitt hode over deg? Og så videre.

Den som salmen egentlig handler om er Messias. Den handler om han som blev forlatt av Gud for vår skyld, og som på korset måtte si, som det står i Salme 22 : Min Gud, min Gud, hvorfor har du forlatt meg? Han gjennemlevet dette til fulle for å frelse oss. Men det som gjelder ham, det kommer mer eller mindre også til å gjelde alle dem som tror på ham. Det er ingen som tror på Gud, som ikke kjenner seg igjen i at der kommer tider da det ser aldeles håpløst ut, og det er alvorlige tider for en kristen.

Da er det at vi har fått en læresalme, en salme som inneholder undervisning, som belærer oss og viser oss det som er riktig i vår situasjon, og det som vi behøver å lære og

egentlig var det da ingen grunn til det. Men så begynner han igjen å se på seg selv, min sjel er nedbøyet i meg, min Gud, sier han, min sjel er nedbøyet i meg, komme, der derfor i hu fra Jordans land og fra Hermons høyder, fra det lille fjell. På disse stedene åpenbarte ikke Gud seg, han var ikke der i Jordans land, ikke på Hermons fjell, heller ikke på den lille høyden. Gud åpenbarte seg på et annet fjell. Det er så lett å søke hit og dit når vår sjel er i nød, begynte å søke og spørre, og ikke se etter hvor Gud åpenbarer seg. Vanndyp kaller på vanndyp ved duren av dine fossefall. Det er så mange ting som slår over en, bølger og brenninger, og en må si det er som om Gud har glemt en, det er som om fienden triumferer, det er som om mine ben blir knust, som om mine fiender håner meg, fordi det hele dagen sier til meg: Hvor er din Gud? Skulle ikke Gud snart svare deg nå, sier de, skulle det ikke snart bli annerledes nå, skulle det ikke snart vise seg nå? Og så roper han ut til Gud, til han som er en klippe: Hvorfor har du glemt meg, ja, hvorfor har du glemt meg, hvorfor skal jeg gå i sørgeklær under fiendens trykk? Og så er svaret: Gud har ikke glemt deg! Glemmer vel en kvinne sitt diende barn? Om også de glemmer, glemmer ikke jeg deg.

Gud skjuler seg for oss. Det gjør han

ofte, og det har han sine grunner for å gjøre. Det er ikke alltid du ser ham, du får ikke lov å kjenne og føle at Gud er nær bestandig, han skjuler seg for deg. Men det er to ting *han ikke gjør*, og det vil jeg understreke så sterkt jeg kan. For det første *glemmer* han deg ikke, og for det andre *forlater* han deg ikke. Jesus blev forlatt, forat du og jeg aldri skal bli forlatt. Han kan ikke glemme deg, ikke meg heller, se i begge mine hender har jeg tegnet deg, dine murer står alltid for meg. Det er hans svar. Og når jeg roper til Gud, slik som denne salmen gir uttrykk for, så er det som svaret kommer: Hvorfor er du nedbøyet min sjel, og hvorfor bruser du i meg.

Har du lagt merke til at svaret kommer to ganger, og siste gangen sterkere enn den første. Det kommer midt i salmen, og det kommer i slutten av salmen, sterkere enn første gang. Hvorfor er du nedbøyet, hvorfor bruser du i meg? Bi etter Gud! for jeg skal ennåprise ham. Det er nemlig han som er min frelses åsyn og min Gud. Han er den han er, han har vært det hele tiden, han har ikke forlatt deg, han har ikke glemt deg. Du som tror på ham blir ikke til skamme, det er hans løfte til deg, det er det han vil du skal regne med. Amen.

*Fra den Lutherske timen, avskrive etter lydband med løyve fra Andersen og Norea.*

## Kan eit menneske vera frelst utan å vera frigjort?

Av Amund Lid

Det er eit gammalt spørsmål mange stirr med, og som ein av og til møter i sjèlesorg. Mange har nok forsøkt å svare på det, men ofte utan at det har vorte til noko hjelp for dei som lid og stirr med spørsmålet. Veit ikkje om det går betre her, men dette er i alle fall skrive ut frå det ynskje at disse linjene kan bli nokon til hjelp.

Skal me gjera eit forsøk på å finna eit svar som har verd, då må det bli Guds ord som gir svaret. Menneskelege meininger og lærdomar berre forvirrar, og dei kan ikkje vera nokon til hjelp.

Det fødste me då må prøva finna svar på er *Skil Guds ord mellom det å bli frelst og å bli frigjort?*

Eg veit at mange lærer og forkynner at det å bli frelst er ein ting, og å bli frigjort er ein annan ting, som kan henda lenge etter at ein er frelst. Det trur eg kjem av at dei blandar saman to forskjellige ting i begrepet frigjort. Men lat oss først sjå på kva Bibelen lærer om frelse og frigjering.

I Romerbrevet sitt tredje kapitel les me : Men nå har ei rettferd frå Gud, ei som lova og profetane vitnar om, vorte openberra utan lova — ei rettferd frå Gud ved trua på Jesus Kristus for alle og over alle som trur. For det finst ingen skilnad, alle har synda og vantar æra for Gud, og dei vert rettferdiggjorde utortent av hans nåde *ved utløysinga i Jesus Kristus.*

Her ser me at å bli frelst, det er å bli rettferdiggjort for Gud ved å koma til trua på den rettferd Gud har openberra for oss i Kristus Jesus. Ordet lærer at *alle menneske* har synda og vantar æra for Gud, her er det ingen skilnad på oss. Skal me bli frelst må det bli ved Jesus Kristus og den rettferda Gud har gitt oss og openberra for oss i han, og *det skjer ved utløysinga i Jesus Kristus.* Denne frelsa er ufortent, av Guds nåde, den er for alle, men blir berre til til frelse for dei som trur.

Den er også vorte openberra utanom lova, utanom det som lova virkar i eit menneske. Gud synte Jesus og hans rettferd fram i blodet hans på krossen, for han ville syna si rettferd i den tida som nå er, så han kunne vera rettferdig og gjera den rettferdig som har trua på Jesus (Rom. 3, 25—26.)

Som døme på denne frelse kan me nemna Paulus (Filip. 3, 3-11). Les vidare alt du finn i Skrifta om Paulus og hans frelse, og eg trur det vil bli vanskeleg å finna noko skilje mellom frelse og frigjering. Me blir frelst og løyst ved å sjå eller høyra og tru den utløysinga Gud har gitt oss i Jesus og openberra i sitt ord.

Men når Gud skal frelsa og løysa menneske, så lærer Skrifta at det skjer i tre ulike

verk, og til ulike tider.

Det første gjorde Gud då Jesus, *ein gong, for alle, vann oss ei evig utløysing.* Skrifta lærer og forkynner at i Jesus har me utløysinga, ved hans blod (Efes. 1, 7). Dette utløysingsverket skjedde ein gong, og for alle menneske, då han ofra seg sjølv for oss på krossen (Sjå Hebr. 10).

Dette verket sa Jesus var fullført, då han appgav si ånd på krossen, for snart to tusen år sidan. Så der det er forlating for syndene, der trengs det ikkje lenger noko offer for synd.

Men om Gud slutta her, så blei det ingen til nytte, for menneske levde ennå i sine synder utan å kjenna til denne frelse, ennå fiendske mot Gud i sine hjarte, på flukt frå Gud. Derfor sende Gud den Heilage Ande for å løysa ut det einskilde menneske, ved utløysinga i Jesus Kristus Om dette vitnar Paulus : Livets Ånd har i Jesus Kristus gjort meg fri frå lova åt synda og døden (Rom. 8, 2)

Dette verket gjer ikkje Gud ein gong for alle. Her må han frelsa ein for ein, ved å overbevisa dei om at Jesus har frelst og frigjort dei ved sitt blod på krossen. Jesus lærer at Anden tek til med å overbevisa oss om synd, av di me ikkje trur på Jesus. Dernest overbevisar han om rettferd, av di Jesus går til Faderen. Tenk på Paulus som han overbeviste om at hans eiga rettferd var ikkje meir verd for Gud enn skarn, og om at han måtte vinna Kristus og bli funnen i han for å bli frelst, ikkje i eiga rettferd, men i Guds rettferd i Kristus, som han fekk ved trua på Jesus (Filip. 3). Han skal også overbevisa om dom, av di denne verda sin fyrste er dømd. Domen over synda og slekta er eksekvert på Jesus, den råma han, så me skulle vera fri.

Dette skjer når syndaren hører eller ser evangeliet om Jesus og trur det. Når hjarta ser eller hører denne bodskapen og trur det, har menneske funne utløysinga i Jesus og er rettferdiggjort ved trua på Jesus. Her er det ingen forskjell på å bli frelst og løyst.

Men så var det spørsmålet om den som ennå er bunden på ymse vis kan vera frelst. Både skrifa og livet viser at den som er frelst og løyst overfor Gud, han kan vera bunden på mange vis. Peter var bunden av tru på seg sjølv, og av menneskfrykt, så han ikkje våga vedkjenna seg Jesus overfor Jesu fiender i Øvstepresten sin gard. Og i Antiochia var han bunden av frykt for dei omskorne judaistane, som forkynnte ei falsk lære (Sjå Galat. 2, 11-21). Ved å lesa om dei første kristne menigheter, så vil du sjå at dei var bundne av mange ting som Gud arbeidde med å løysa dei frå.

Og tenkjer me på eiga erfaring, så vitnar den om det same. Tenk berre på då du blei frelst. Du hadde så hug til å vitna om Jesus og det du hadde funne for andre, men banda som måtte slitast var mange. For min del kan eg vitna at det var vanskeleg, og er framleis vanskeleg. Hadde ikkje Gud og menneske kome meg til hjelp, hadde eg ikkje makta det. Men litt etter litt løyste Gud banda, så eg kunne vitna om Jesus og vedkjenna meg han, og til sist løyste han meg så eg kunne vitna om han på talarstolen. Nå er eg fri til å tala og vitna kva Skrifta lærer på talarstolen — kalla den feiges festning — men overfor eit einsleg og verdsleg menneske er eg bunden. Når nokon dør kan eg gå til naboane og be dei i kistelegg og tala og vitna for dei, for det er ennå skikk og anerkjent, men elles er eg så bunden at eg ikkje maktar å vitna for dei om Jesus på to manns hand. Andre kan vera flinke til å vitna for den eine, men er bunden i forsamlinga og på talarstolen. Atter andre er bunden i seg sjølv, så dei sjeldan vågar å kvila i frelsa og gle seg i frelsa i Jesus. Mens andre lid av ymse andre område dei er bunden på, så dei må be med songaren: «Løys du det band som til verda meg bind, og gjev meg meir av ditt heilage sinn».

Det er vel ingen av oss som er frelst, utan at ein er bundne på eit eller fleire område her i livet, der ein kjenner seg lite løyste eller

frigjorde. Men i trua på Jesus og hans verk for oss er me eit Guds barn, ufortent, av Guds nåde. Du er under vingardsmannen si om-sorg, reinsing og tukt, så du skal bera meir frukt til Guds æra.

Her er det at den Heilage Ande arbeider med oss, og gjer sin gjerning i oss, for å løysa oss meir og meir i livet med Jesus og til tenesta for han. Denne gjerningen fort-sett Gud med livet ut, for det står skrive at han som tok til med den gode gjerning i oss skal fortsetja inntil Jesu Kristi dag.

Av Rom. 7 og Fil. 3 ser me at Paulus hadde den same strid. Han hadde ikkje gripe det eller var fullkommen, men han jaga etter det og gløymde det som var bakanfor og tøygde seg etter det som var framanfor, jaga mot målet — den sigerspris som Gud har kalla oss til der ovan i Kristus Jesus.

Denne Guds frigjerande gjerning lukkast ikkje like langt med alle kristne, for det er avhengig av synet på Jesus — etter som eg er gripen av Kristus, vitnar apostelen. Heller ikkje Jesu læresveinar, slik me møter dei i Skrifta, nådde like langt. Men ein dag skal me sjå han slik han er, og då skal me bli han lik. Då er Guds verk fullenda.

Andens frigjerande gjerning i vårt hjarta og liv, den har stor betydning her i livet, for vårt Gudsliv og for vår tenesta. Men den legg ikkje til eller dreg noko frå vår frelse, for den har me åleine i Jesus og hans stedfortredande liv og gjerning og hans død for våre synder. Berre i trua på Jesus og hans reinsande blod, har eg frimod til å stiga fram for Gud og nemna meg med hans namn.

Heiler ikkje våre barn er likt rusta og frigjorde i si ånd og natur til å møta livet, men er våre barn likevel. Slik er det også med Guds barn. Eg er redd at me ofte kjem i skade for å blanda saman begrepa, både i eige liv og i forkynninga, så me gjer vår frelse avhengig av korleis denne siste gjerning lukkast, og fører oss sjølv og andre ut i store vanskar.

Lat oss be om openberrings ånd, så me kan

# Guds gjerninger og Satan som vil hindre dem

Av Ole Rolfsnes

Jeg var nylig på et møte, hvor det blev talt om ekte og uekte barn. Da jeg gikk hjemover kom et Guds ord fra Jerem. 15, 19 for meg : Den som skiller det edle fra det uedle, han skal være som min munn. Etter et slikt møte er vi sikker på at Gud har talt.

En må ofte undre seg over hvor sjeldent det skille som Bibelen setter kommer frem i forkynnelsen, ikke bare om ekte og uekte barn, men også mange andre ting der Bibelen setter et klart skille. Slike ting er ofte vanskelige å få klarhet over uten at de blir oss forkjent. Begge sider blir nok nevnt, men blir ofte så sammenblandet at skillet er vanskelig å se.

Dette er så dype og alvorlige ting, at vi som skriver eller forkynner må si : Hjem er vel duelig til dette? Men ved å arbeide med Ordet, og der se hvor Jesus og profetene satte skille, så vil det klarne litt etter hvert, sammen med den erfaring vi gjør i livet med Gud. Om vi ikke alltid får det så klart frem som vi ønsket, vil det allikevel ha sin betydning at vi arbeider med Ordet og har dette i tanken.

Jeg vil her dra frem et skille som vi sjeldent eller aldri hører noe om. Det er *forskjellen på djevelens anklage og Guds tukt*. Djevelen holder aldri opp med å anklage en sann kristen, og mange ganger kommer anklagen på en slik måte at det er vanskelig å vite om den kommer fra Satan eller fra Gud. Vi ser fra Sakarias 3 at han var like inne for den heliges åsyn for å anklage profeten for at han var skitten — det er synd. Først lokker han for å få oss til å falle i synd, slik anklager

han oss, og sier at du er ingen sann kristen som lever slik.

Der finnes et sikkert kjennetegn som skiller mellom Satans anklage og Guds tukt. Satan gir aldri trøst til den som lever rett med Gud han bare anklager og plager ham. Gud derimot, når han tukter og det fører til erkjenning, da er aldri trøsten langt borte. Den beste måte til å sigre over Satans anklage er å gi ham rett i anklagen, men henvise til Jesus og hans død og blod som blei utrent for våre synder.

Men når djevelen bruker Guds beste vitner som sine redskaper, da er det ikke lett å forstå. Legg merke til at han brukte Peter for å forsøke å hindre Guds verk gjennem Jesus. Peter visste ikke at han var Satans utsending, før Jesus gjorde han oppmerksom på det. - Tenk at det går an å være en av Guds beste vitner, og allikevel kan bli brukt av Satan for å hindre Guds verk. Det var nok ikke bare denne ene gangen at dette hendte, det har nok hendt mange ganger siden. Vi kan bare tenke på de mange ulike syn på hvorledes Guds rike kan fremmes. Det som ikke stemmer med Guds ord, det er Satans forsøk på å hindre Guds verk, enda om de er like ørlige som Peter og tenker det til det beste. På den andre siden kan vi se det motsatte. Når Guds verk lykkes og sjeler blir virkelig frelst, da ser vi at mange motarbeider det. Tenk bare på Hans Nilsen Hauge og den oppgave han fikk av Gud, men ble motarbeidet av den geistlige stand og øvrigheten. Eller Ludvig Hope, og hvorledes kirker og bedehus ble stengt for ham. Han hadde fått en oppgave i Guds rike. Og så brukte Satan troende ledere og andre for å hindre og ødelegge Guds verk. Hadde motstanden kommet fra verden, da ville det nok vært mye lettere å se og forstå hvem som sto bak. Peters handlemåte er nok beskrevet

---

læra å kjenna det som er oss gitt av Gud, og ly over Guds ord så me kan sjå kva som ligg i ordet.

for at vi skal ta oss ivare for å motarbeide Guds verk, for også i dag kan det samme gjenta seg. Leste nylig i Dagen at i Sykylven ble kirken stengt for en forkynner, imot folket sitt ønske og vilje, og vi kjenner til hvorledes bedehusene mange steder er blitt stengt for gode forkynnere. Men tro det ikke er den samme ånd som hos Peter som virker? Det er sikkert gjort i den beste mening, som Peter. Men slike ting bør vi være våkne for, ellers kan også vi bli bland dem som står Guds gjerninger imot.

I dag hører vi så mye som virker fremmed for oss, særlig for oss som er gamle, og mye kommer vel heller ikke fra Gud. Men på den andre siden tror jeg at også Gud må gå nye veier, da de gamle veier er blitt så fulle av religiøse folk at der går ikke Guds verk fram lenger. Den religiøse ånd har fått en så stor makt iblant oss, at jeg tror den er den største hindring for Guds verk, som den var på Jesu tid.

Men hvorledes skal vi så stille oss til alt dette nye? Det er et meget viktig spørsmål. Da vil jeg svare med Gamaliels ord: Er ikke dette av Gud, så faller det av seg selv, men er det av Gud må vi ikke motarbeide det. Når det er gått en tid, vil det nok vise seg hvem som står bak og om det er holdbart. Ved ikke å være villig til samarbeide risikerer vi å få

den attest at vi motarbeider det, selv om vi holder oss aldri så rolig, men det er bedre å få en slik attest enn å gå med i et arbeide du tviler på fører frem og er av Gud. Går vi med i et samarbeide, da er v imedansvarlige i det arbeide som utføres. Og erfaringen burde lære oss at mye av det arbeide som har vært utført i Guds rike i vår tid, det har ikke ført til det resultat vi ventet — særlig når det gjelder vekkelse. Vi har vel alle sett vekkelser som såg levende ut, og ve dem som våget å tvile på arbeidet. Men etter en tid var det hele som en avsvidd mark, og mange av oss har spurt hva grunnen var til dette.

Svaret må vel bli at det var omvendelse uten gjenfødsel. Det samme vil gjenta seg med alle dem som ikke har lys over hva gjenfødsel og frlse er, selv om de er så frimodige at de taler til folk på gaten og ber dem omvende seg, og det vil ende i åndelig trældom eller at de vender tilbake til verden. Da vil det siste bli verre enn det første.

Her må lederne være våkne, og prøve å hjelpe de unge til å se dette. Vi må jo erkjenne at ikke mange av oss har en slik frimodighet, og omvendelse er jo det første skritt på veien til målet. Etter omvendelsen blir jo mange mer lydhøre, og får de da den rette forkynnelse og veildening vil det i mange høve lykkes å hjelpe dem.

## Loven er vår tuktemester til Kristus

Av Rosenius

Vi har sett lovens første og viktigste hen-sikt. Foruten dette har loven den gode virkning at mange mennesker som ellers ville være ugodelige, holdes i tømmene, så de ikke som ville dyr forstyrre trygghet og orden mellom oss. Dernest ser de troende i loven en kjær og god veileder, et godt og pålitelig kart, en klar og sikker tegning av det åndelige hus

som bygges av tro og kjærlighet i deres hjerter. Om dette skal vi ikke si noe mer nå.

Men vi vil se på lovens rette og urette bruk.

Loven er gitt forat hver munn skal lukkes og all verden bli skyldig for Gud. Likevel er det utallige mennesker i de kristne land som gjør loven til salighetsvei og ved den forsøker å bli rettferdige og salige. Det er den største

og mest alminnelige misbruk av loven.

Men dette gjør bare menneskene ulykkelige. Noen blir grove eller mer fine fariseere som ved noen ytre gjerninger tror at de er kristne, fromme og rettferdige. De vet nok at fariseerne ikke var kristne, og de tror nok at ingen blir rettferdige ved lovens gjerninger, som Paulus sier. Det er ikke deres mening å slå inn på den veien. Deres utvikling har foregått på denne måten :

De er blitt vakt til å søke frelsen. De er begynt med sin omvendelse å lese Guds ord, be, fly verden og synden, og med dette har de hatt hell med seg, og det takker de Gud for. Disse mennesker som altså er blitt bedre og bedre, og som har hatt denne ulykkelige lykke å finne trøst og fred i det at de er blitt bedre, er kommet dit på forskjellig måte. Kanskje var de vel aldri blitt vakte, men bare overbevist om at den brede vei ikke følte til livet. De slår derfor inn på en annen vei, og går ut fra at når de går en annen vei enn verden, må det vel være i orden med dem. De la av forskjellige synder og begynte å oppføre seg kristelig, men forsto ikke at Gud likevel ser til hjertet og krever at vi har lyst til det gode. De forsto heller ikke hva gjenfødeelse var, men nøyde seg med å forbedre seg litt. Og når de ikke var riktig tilfreds med seg selv, tenkte de : De kristne har jo også sine feil, men Gud er jo nådig.

Av og til begynte de også å prute med loven. Gud kan jo ikke forlange at jeg skal makte det og det ! Således ordnet de veien selv, og satte målet så passende høyt at de slapp å være skyldig for Gud. Hvis de forsto at det var lovens hensikt å skape anger, synds erkjennelse og sønderknuselse, trodde de at det var som det skulle være, når de hadde samvittighetskval overfor en og annen synd. Men den slags syndserkjennelse hadde Cain også. De har aldri med hele sitt vesen vært under Guds dom og vrede.

Dette er i korte trekk den falske omvendelse — det er jo umulig å gå i detaljer, men

en kan i få ord si det slik : Når de aldri harapt det falske håp på Guds nåde, når de aldri er kommet til kort med sin omvendelse, aldri med hele sitt vesen er innesluttet under Guds dom, så har de aldri vært omvendt.

Om dette sier Luther i en preken :

«Med en rett anger mener ikke Skriften en slik selvgjort tanke som man har kalt halv og hel anger, men den begynner når samvittigheten begynner å ulage og kvele deg, og hjertet for alvor frykter for Guds vrede og dom, ikke bare for de grove og åpenbare synder, men også for vantroen, forakten og ulydigheten mot Gud. Som Paulus sier : Fiendskap mot Gud i ditt kjød og blod med alle slags lyster og begjæringer. Med alt dette er du skyldig for Gud og har fortjent hans vrede, så at du i evighet burde kastes fra hans ansikt og brenne i helvetes ild.

Denne anger gjelder altså ikke enkelte gjerninger som strider mot de ti bud, så at en leter for dog å finne noe godt hos seg selv. Men angeren gjelder hele din person, og hele ditt liv og ditt vesen, ja hele din natur, og vil vise deg at du er under Guds vrede, og er福德amt til helvete. Det kan begynne med anger over en bestemt synd, som David ble straffet for mord og hor. Men siden omfatter det hele ditt liv, og kaster deg plutselig som et lyn fra himmelen og under Guds vrede, og sier deg at du er et helvetesbarn. Og da blir ditt hjerte så forsrekket at hele verden blir for trang for deg.»

Så langt Luther.

Andre igjen ser at det ennå mangler noe i deres omvendelse, men de håper at de med bønn og kamp skal overvinne det vonde og få tilegne seg nåden i Kristus. Disse mener ikke at de kan rettferdiggjøres ved lovgjerninger, men de vet at Herren krever hjertet, bønn og ydmykhet. Og så forsøker de ved disse åndelige lovgjerninger å tekkes Gud, og tror at dette er en rett omvendelse. Men her stikker egenrettferdigheten særlig dypt. For når de sier : Bare jeg kunne angre rett, be

rett, elske rett, bare jeg ikke var så kald, livlös, så skulle jeg tro at Gud var meg nådig, — da er dette en dyp åndelig sykdom.

På denne veien finner du aldri en sann fred men du kastes hit og dit. For du vil ikke at alt i deg skal dømmes, men du tror at det skal lykkes for deg i ditt arbeid med loven. Men denne vei er stengt. For hver munn skal lukkes, og hele verden skal bli skyldig for Gud. For elles får ikke Kristus alene være Frelser og helt *fortapte synderes Frelser*. Og Kristus vil være død forgjeves. (Gal. 3, 21).

*Etter Rosenius :  
Veileddning til fred.*

## Korleis strider du?

Guds ord spør : Kvar kjem all striden i frå? Ordet sjølv svarar at den kjem av at de ennå er kjøtlege. Dette veit Gud om, og det vil nok vera slik i denne verda, også mellom truande brør. Orda frå Gud kjem med ei mild refsing, tukt som me alle treng om.

Paulus skriv til Timoteus om det profetiske ordet : Så du ved dei skal strida *den gode striden*. (I. Timot. 1, 18). Her er det tale om ein annan strid, striden for evangeliet, ordet om krossen og nåden i Jesus Kristus som er oss gitt frå ævelege tider. Den gode striden i trua, som han seier i 1. Timot. 6, 12.

Men Paulus har meir å seie både til Timoteus og oss, me som lever i ei tid då strids spørsmål opptek mange, og det på ein slik måte at det ikkje vert *ein god strid*. I 2. Timot. 2, 23 fg. seier han : Og vis frå deg dei därlege og fåvise stridsspørsmål, for du veit at dei føder strid! Men ein Herrens tenar må ikkje strida, men vera mild mot alle, dugleg til å læra frå seg, viljug til å tola vondt, så han med spaklynne tuktar dei som segjer imot, om Gud då ein gong vil gjeva dei omvending, så dei kunne kjenna sanninga og vakna opp att or ruset i djevelens snara, han

som dei er fanga av, så dei må gjera hans hans vilje.

Så kjem spørsmålet til deg, og især til deg som er kalla til forkynnar : Er du *mild mot alle?* Då treng me å be om å få eiga det sinn Guds ord formanar oss til : Lat det sinn vera i dykk, som og var i Kristus Jésus (Fil. 2, 5). Han var mild og mjuk av hjarta. Då ville der gjerne bli mindre av fåvise (uforstandige) stridsspørsmål iblant oss. Paulus skriv til Titus og nemner nokre slike (3, 9) : Men därlege stridsspørsmål og ættetavler og kivsmål og tretter om lova skal du halda deg ifrå, for dei er gagnlause og fåfengde (unyttige). Kanhenda me i N.L.L. serleg må leggja oss dette på hjarta som eit ord frå Herren.

Til Timoteus talar han om menneske som er sjuke *for stridsspørsmål* (1. Tim. 6, 4) Les heile kapitlet. Andre kan bli sjuke *av* å høyra på og om slike ting, og den gode striden kjem i skuggen.

Du Timoteus : Eg har kalla deg til ein evangeliets gjerning. Ver ikkje med å fød strid.

Millom kjøtet sine gjerningar nemner Guds ord også *partier*. Særflokkar lyt det vera for at det rette kan koma fram. Men også innan ei grein i Guds rike kan også partiånda ta overhand. I boka Sjeleskatt seier Skriver : Den som trur om seg sjølv at han har sett noko inn i evangeliet, har i røynda ingen ting sett. Korleis? Jau, vårt kjøtlege sinn vert oppteke med dette : Eg har oppdaga noko nytt som andre ikkje ser, og så tar forstanden dette til inntekt for seg sjølv. Ja, djevelen er ein tusenkunstnar til å dekka over evangeliet sitt ljos, også med dette at eg har noko som du ikkje har. Så har me stridsspørsmåla midt imillom oss, og me stirr for vårt eige syn. Spør deg sjølv : Er dette i samsvar med Guds ord?

Ein Herrens tenar må ikkje strida. Du som reiser med Guds ord og kjem rundt i mange heimar, der du høyrer tale om kristent syn, om ulike retningar o.s.v. Då er det fort

gjort å falla i denne fella : Her må eg strida for *mi* overtyding, *mitt syn, mitt lys* i Ordet. Fører dette til noko godt?

Høyrdé dei Hyrden si røyst som kalla sauene? Eller kom du på talarstolen som ein stridslysten mann som kom fram med strids-spørsmål? Tala om kor galt andre har det. Då må du ikkje undra deg over at det blir strid. Men er det den *gode strid?* Det var den gode strid du vart kalla til. Og har du lite lys både over det eine og det andre, så spør heller vår sjels Hyrde og tilsynsmann om kva åndeleg mat denne forsamlingen treng om i dag. *Hogg og slag eller olje og vin,* som han som låg ved vegkanten overfallen av røvarar.

Alle er me utsette for røvarar kvar dag under denne vår ørkenvandring mot himmelen.

Israels barn slo på berget, og berget som fylgte dei var Kristus. Då fekk dei både drikka og mat. Gå også du same veien både i din forkynnargjerning og i di heimbygd. Vis sjelene til Jesus, så har dei nok. Vis dei til nåden åleine, til ordet åleine, til trua åleine.

Vis dei at me som har funne Jesus, me er ikkje lenger under tuktemeisteren. Tuktemeisteren kan heller ikkje bevara oss, men det kan Gud. Til fridom har Kristus frikjøpt oss, lat dei ikkje etter få oss inn under treldoms åk. Det kan henda utan at me anar det, for kjøtet vil vera der, vera under tuktemeisteren, og det kan aldri forstå nåden som er Guds frie gåva.

Å stri for dette er den gode strid. Alt anna er unyttige stridsspørsmål.

*Innsendt av Josef J. Nilsen.*

## Han fører meg

Herren er min hyrde, det vantar meg ingen ting. Han fører meg til læger på grøne enger. Han leider meg til vatn der eg finn kvila (Salme 23).

Skrifta talar ofte om at menneske er i ein innhegning. Dette gjeld ikkje berre «fårefolden», men slik er det også i heimen, bygda og landet. Slik er det og slik må det vera, for det er til beste for menneske og samfunnet.

Skal me stifta ein heim vert det bokført, ennå i dag for det meste ved kyrkje og prest. Skal du flytta til eit anna land må du ha godkjende papir, pass og foto. Det finnst land med rikdom og overflod, men også land med fatigdom og naud, hunger og sjukdom.

Slik er det også når det gjeld vårt åndsliv. Det finst to ulike åndsrike millom oss. *Det eine er lova sitt rike.* Der er oftast rikdom og overflod, og der får dei etter det dei er verd og har fortent. *Det andre er nåderiket.* Der er fatigdom og naud og hunger. Der får dei ikkje etter det dei er verd, men dei lever av berre nåde og miskunnheit.

Her gjeld også strenge reglar for den som vil flytta frå det eine rike til det andre. Og det er Gud sjølv som har sett reglane.

Når David ser på den innhegning, den verda han er fødd inn i, seier han : Sjå, eg er fødd i misgjerning, og mor mi har avla meg i synd. Og når Gud ser ned på dei som lever her seier han : Vonde og styggelege er deira gjerningar. Det er ingen som gjer godt. Dei er utskjemde alle saman, det finst ingen som gjer godt, ikkje ein einaste. (Salme 14). Den løn som synda gjev er døden.

Når Jesus såg utover landet, byen og folket som budde der, ynkast han inderleg over dei, for dei var ille medfarne som ein fåreflokk uten hyrde. Jesus gret når han såg korleis dei hadde det og kva som venta dei, og det same gjer han når han ser utover verda i dag.

Jesus kjende og kjenner føraren som rår i dette landet. Han sa til dei at de har djevelen til far, og vil helst gjera det far dykker vil og har hugnad i. (Johs. 8, 44). Det verste er at her trivst det naturlege menneske og kjenner seg heime. Dei gjer det føraren vil, og gjer det med stor gleda. Han fører ut i utruskap, hor, mord, vold og tjuveri, drikk og

mykje anna av same slag synd.

Andre set seg fyre at dei vil leva eit betre liv, i teneste for Gud og sin neste. Dei blir leida inn i religiøsiteten eller humanismen sitt liv og teneste, og slår seg til ro der.

Noken trivst ikkje lenger i landet, for dei ser at alt fører til døden. Dei vil flytta ut or landet til eit betre land, og føraren ordnar med utreisepapira. Han seier endå etter det Guds ord seier: Du må omvenda deg, bekjenne di synd, be om tilgjeving, gi, arbeid, bli ihuga og spar deg ikkje. Når dette lukkast for deg, meir eller mindre, så blir du nok frelst og fri.

Det var denne vegen dei hadde gått dei som Jesus tala til i Johs. 8, 30 - fg. Dei trudde på Jesus, står det, og trudde dei var Guds barn og fri, og visste ikkje at dei ennå var trelar under synda og hadde djevelen til far. Jesus sa til dei at berre om Sonen frigjorde dei blei dei retteleg fri. Dei därlege brudemøyane i Matt. 25 hadde nok gått same vegen, og mange andre me møter i Skrifta.

Det var desse Jesus gret over: Om du berre visste kven som fører deg, men nå er det skjult for augo dine. Veit du kven som fører deg? A, om du berre ville stoppa litt og tenkja over kven som fører deg, før det vert forseint. Veit du av ei tid då hjarta ditt fekk ein ny førar, ei ny ånd og sinn, så det vart eit nytt liv og ein ny veg og ny tale og nye vener?

Det gamle lands språk lydde: Meir bøn, meir heilagdom, meir kraft og hjelp, meir kjærleik og åndsfylde o.s.v. Det var den eine sida, den andre lydde slik: Det nyttar ikkje for deg, du kan berre gi det opp. Det nyttar ikkje for deg som er så därleg i alle ting — ein gong seinare kan du prøva, når du blir

eldre og nauda blir større. Mange gav då opp, og slo seg til ro i gamlelandet.

Men nokre av dei flytta ut. Dei oppdaga at papira var falske, og råda dei fekk likeeins. Det førde til at dei kom i sjelenød, for alt var prøvt, men ingen fred og inga kvile, berre dom og død kvar dei såg.

(Meir).

*Odd Dyrøy.*

## REISERUTER FOR FØRSTE HALVÅR 1975 :

1. *Ole Brandal* : Bibelvaka på Varhaug 11.-19. januar, Sandnes, Randaberg, bibelvaka i Norheimsund 15.-23. mars, Stord. Påskehelga : Hardanger.
2. *Andreas Bø* : Bygland og Sannidal i januar, Oslo-Østfold, Brekke og Yndesdal i Sogn. Påskehelga : Varhaug.
3. *Odd Dyrøy* : Namdal i januar, Tysse på Osterøy, Fjell, Odda, Strandebarm, Varaldsøy, Gravdal. Påskehelga : Randaberg.
4. *Gudm. Hjorthaug* : Stord, Hardanger, Valen, Sunnmøre, bibelvaka i Norheimsund 15.-23. mars. Påskehelga : Avaldsnes.
5. *Amund Lid* : Bibelvaka på Varhaug 11.-19. januar, Avaldsnes, Tysvær, Bremnes Fitjar, Bygland 18.-23. mars. Etne. Påskehelga : Sannidal
6. *Reidar Linkjendal* : Til disposisjon.
7. *Godtfred Nygård* : Til dispos. for Bremnes, Stord, Fitjar, Avaldsnes på lørdagar og søndagar. Påskehelga : Hardanger.
8. *Alfred Sortland* Til disposisjon. Påskemøte i Namsos.
9. *Margrete Skumsnes* : Bremnes, Suldal, Hardanger, Namdal, Sandsøy i Senja, elles andre stader ho kan koma til. Påskemøte i Namsos.
10. *Olav Åhus* : Randaberg, Sandnes, Varhaug, Nærø i mars. Påskehelga : Østfold.

Styret.